

**Thrash-metal-bandet Orkan vart i går tildelt Øyo-stipendet 2013 under Øyo-festivalen som føregår på Rommetveit på Stord denne helga. Bandet består av 4 erfarne og sær dyktige musikarar. Eit av medlemmene er uskedelingen Gjermund Fredheim. Vi kjenner han først og fremst som ein eminent klassisk gitarist, men den dyktige musikaren beherskar musikksjangrar over eii svært breidt register.**

Då eg snakka med han for ein månads tid sidan, sa han at han kosa seg med å spela innanfor ulike musikkstilar, og han nemnde i den samanheng metal sjangeren.

Saman med Orkan skal han no gjennomføra ein europaturne i februar. Orkan skal og spela på Karmøygeddon metalfestival i Haugesund i mai. Målet for bandet dei neste to åra er å markera seg i metalmiljøa i Norge og Europa, gje ut oppfølgjaren til debutalbumet; 'Crimson Canvas'. I tillegg vert Freheim aktiv i mange andre musikksamangar. Har ver m.a. å høyre på to ulike konertar under Kvinnherad kulturfestival i midten av februar.

Orkan består av erfarne musikarar som er dyktige på sine instrument og har variert bakgrunn. Bandet har rykte på seg for å vera eit svært oppegående liveband.

Det var slagverkaren Rune Nesse som mottok prisen på vegne av bandet. Han er og kjent som ein allsidig musikar m.a. frå den gode slagverksgruppa i Sagvåg Musikklag, og som slagverkslærer i ulike samangar m.a. på musikklinja ved Stord vidaregåande skule.

Dei to andre musikarane i Orkan er Einar Fjelldal (vokal) og Sindre Hillesdal (bass).

Kanskje Orkan kunne vera eit aktuelt namn for Festidalen? Det har vorte halde fram at det er viktig at Festidalen har namn med lokal tilknytning på plakaten. Eit anna namn som ofte har vore nemnt i den samanhengen er Jitney med uskedelingen Ruben Aksnes på bass. Dei har hatt stor suksess på festivalar og i andre samangar i andre deler av landet. Også utanlands, særleg på Island, har dei gjort det stort. Ruben er og involvert i andre intresanne prosjekt.

Ser vi ein uskedeling på scenen under Festidalen 2013?? Mulighetene burde absolutt vera til stades!

Meir om utdelinga av Øyo-stipendet på <http://www.sunnhordland.no/article/20130126/KULTUR/130129876>

Av: Thor Inge Døssland